



## Eldsjeler

Veit du kva *innsats* betyr? Sjølv sagt, tenkjer du. Og *bustad*? Sikkert. «Kollegiet for brannfaglig terminologi» (KBT) veit at det ikkje er så enkelt. Og at terminologien på det brannfaglege området må røktast for å bli einsarta og samkjørt.

Illustrasjon: Oddmund Mikkelsen



Kva er så *innsats*? Om styresmaktene vel å kalle øvste uteleiar for ein pågåande innsats for *innsatsleiar*, blir *innsatsleiar* per definisjon øvste leiar for ein *innsats*. Vidare må planen som *innsatsleiar* har ansvaret for og skal følgje, nødvendigvis bli ein *innsatsplan*, staden blir ein *innsatsstad*, dei som gjer jobben blir *innsatsmannskap*, som igjen er med i ein *innsatsorganisasjon*, osv. Dersom ordet *innsats* blir brukt om noko anna i samband med hendinga, blir det brot i logikken, og forståinga av heile termsettet blir svekt.

– Styresmaktene forsyner oss med ord og omgrep, men er ikkje alltid tru mot sine egne definisjonar. *Innsatsplan* har vore eit problem-

ord. Det bør ikkje brukast om noko ein utarbeider *før* ein konkret innsats, til dømes om ein beredskapsplan eller planar for eit område eller ein bygning, forklarar leiar Guttorm Liebe i KBT.

### Tilfeldige termar

KBT vart etablert fordi det ikkje fanst nokon institusjon som tok seg av terminologi innanfor fagområdet, som spenner over alt frå brannvern til materialteknologi og forskning på brannhemming. Termene vart ofte brukte tilfeldig. Det kunne vere ulike definisjonar av ein term, ein dårleg definisjon, ingen definisjon eller ein definisjon som ikkje var i samsvar med



Anne Steen-Hansen og Guttorm Liebe i KBT

tilsvarende termar på andre språk.

– Lover, forskrifter, rettleingar og andre slags publikasjonar bruker dei same termene utan at definisjonane er samkjørte. Terminologien har derfor utvikla seg i ulike retningar. Ukritisk overtaking av tilfeldige bruksmåtar eller mekaniske lån frå andre språk har vore utbreitt. Ofte har ein løyst terminologiproblemet ved å definere ord og uttrykk eksplisitt for kvar einskild publikasjon. Slik kan offentlege tekstar lett få ulike definisjonar av same omgrep. Det kan skape både branntekniske og juridiske problem, seier Liebe.

### Omsetjing

– Det hender vi må omsetje termar, til dømes frå engelsk til norsk. Vi unngår helst ord-for-ord-omsetjing og prøver heller å lage ein mest mogleg sjølvforklarande term, fortel Anne Steen-Hansen, sekretær for KBT og seniorforskar ved SINTEFs branntekniske laboratorium. Termen *backdraft* har vore eit problem. Dette er definisjonen i KBTs ordliste: ‘Tilluftsantennelse med så rask forbrenning at volumøkningen av branngassene gir en eksplosjon, og flammer presses ut av rommet.’

til side 2 →

### Klarspråk verden rundt

Klarspraksarbeid er et stort fagfelt i mange land i verden. En rekke klarspraksorganisasjoner utgir publikasjoner og arrangerer jevnlig internasjonale konferanser. Av de større konferansene kan vi nevne PLAIN-konferansen, som arrangeres av The Plain Language Association International annethvert år. Årets konferanse gikk av stabelen i Sydney i Australia, og neste konferanse er lagt til Stockholm 9.–11. juni 2011. Du finner mer informasjon på [www.plainlanguagenetwork.org](http://www.plainlanguagenetwork.org).

Er du spesielt opptatt av juridisk språk, kan organisasjonen Claritys konferanse i Lisboa 12.–14. oktober 2010 være interessant (se [www.clarity-international.net](http://www.clarity-international.net)).

Språkrådet

[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider

# OPPSLAGSTAVLA

## Ny terminologiteneste i Språkrådet

Språkrådet har i haust etablert ei ny terminologiteneste. Tenesta skal leggje til rette for og samordne det forskings- og utviklingsarbeidet som skjer i desentraliserte institutt- og fagmiljø. Tenesta skal mellom anna assistere fagmiljøa i privat og offentleg sektor og hjelpe til med å utvikle termbaseprosjekt forankra i høgare utdanning og i andre miljø. Tenesta vil også svare på spørsmål om fagspråk frå publikum og gje råd til offentleg forvaltning om terminologi. Terminologitenesta når du på [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no).

## Nettkjenning for Havforskningsinstituttet

I tilbakemeldinga på målbruksrapporten for 2008 gratulerer Språkrådet Havforskningsinstituttet med god veksling mellom målformene. Landsdekkjande statsorgan skal ha minst 25 % av kvar målform i allment informasjonstilfang. For berre eit par år sidan bokførte vi godt under 10 % nynorsk på nettsidene til Havforskningsinstituttet. På den nye nettstaden [www.imr.no](http://www.imr.no) har Språkrådet registrert om lag 44 % nynorsk, og vi finn både skjermmiljø og førstesidesaker i begge målformene.



## Klart språk i danske SKAT

Undersøkelser i Danmark viser at godt språk gir fornøyde kunder. Ifølge danske SKAT (som tilsvarende skatteetaten i Norge) gir forståelige standardbrev dessuten økt rettssikkerhet. Derfor har etaten satt i gang et språkforbedringsprosjekt. Prosjektgruppen på fire personer – to fra SKAT sentralt og to fra distriktskontorene – har til sammen både informasjonsfaglig, juridisk og skattefaglig kompetanse. De har skrevet om SKATs standardbrev i tråd med etatens språkpolitikk og gjort dem mer mottakervennlige. De nye malene er tatt i bruk, og prosjektgruppen har reist rundt til de 34 lokalkontorene og holdt motivasjons- og veiledningskurs for 1800 saksbehandlere.

## → Eldsjeler ... frå side 1.

– Vi har hatt mange diskusjonar om kva dette bør heite på norsk, men har ikkje kome fram til ein brukbar term enno. Både *baksug* og *baktrekk* har vore diskuterte, men ingen av desse er sjølvforklarande. Vi tek gjerne imot innspel, seier Steen-Hansen.

## Viktig arbeid

KBT har ingen formell autoritet, og det kollegiet arbeider mest med, er å få terminologien innarbeidd hos styresmaktene, utdanningsinstitusjonane, forskingsmiljøa, dei som skriv rettleiingar og standardar, og alle andre som jobbar med faget. Sentrale styresmakter har etter kvart akseptert KBTs termarbeid, og fleire etatar og lovgivarar legg KBT-termane til grunn når dei skal utforme nye dokument.

– Kollegiet fortener mykje ros for det viktige arbeidet det gjer, medrekna tilrettelegginga av den nettbaserte termdatabasen. Om norsk språk skal kunne nyttast på alle bruksområde i framtida, er det avgjerande at norsk terminologi er tilgjengeleg, seier Jan Hoel i terminologitenesta i Språkrådet.

## Lang veg å gå

Liebe seier at det enno manglar viktig terminologi på det brannfaglege området. Som døme nemner han at det ikkje finst nokon klar definisjon av termen *bustad*, noko mange kommunar utnytta under HVPU-reforma tidleg på 1990-talet. Då skulle kommunane leggje om til såkalla open omsorg, og det vart bygt mange bustader med institusjonspreg. Det er ulike branntekniske krav til bustader og institusjonar. Krava til *bustad* byggjer på at det er ditt eige ansvar om du forårsakar ein brann i din eigen bustad. Ein går ut frå at personane i ein bustad er nokolunde funksjonsfriske. Dei branntekniske krava til ein institusjon er mykje strengare enn til ein bustad. Dei som bur der, er oftast ikkje funksjonsfriske, og det er andre som har ansvaret. Mellom anna difor dreiv mange kommunar ein slags definisjonsakrobatikk og valde å definere omsorgsbustader og liknande som *bustad*. Omsorgsbustadene har ofte same branntekniske standard som vanlege bustader trass i at slike bygg har sterkt institusjonspreg. Det førte til ei rekkje brannfaglege feil som enno ikkje er retta opp.

## Slit og moro

– Terminologiarbeidet i KBT dreier seg meir om fagleg innhald enn om språk. Vi må alltid gjennom ein reint fagleg diskusjon før vi kan gi oss i kast med sjølve termen og definisjonen. Når vi omsider kjem i mål, ventar verken ære eller prestisje, men det vankar til gjengjeld mykje kjeft og kritikk frå dei som er usamde. Det krev mykje tolmod, men saka er verd det. Løna er at sjølve faget utviklar seg, og at fagområdet blir forvalta meir effektivt, seier Liebe.

– Kollegiet er òg vorte eit viktig nettverk for mange av oss som er med. Medlemmene representerer institusjonar som arbeider med brann på ulike måtar, og vi gir kvarandre nye perspektiv i det daglege arbeidet. Det er en livleg gjeng som har mykje moro i lag. Spesielt artig var den interne logokonkurransen, legg Steen-Hansen til.

Premien for beste logo? Ein DVD med filmen *Backdraft*, så klart!

*Torunn Reksten*

## Kollegiet for brannfaglig terminologi

KBT er ei gruppe med representantar frå institusjonar som er sentrale for bruken av brannfagleg terminologi. Gruppa vart oppretta i 1995 for å samle, sile og systematisere faguttrykk frå ulike kjelder. I arbeidet med å velje termar og definisjonar skulle lovene vege tyngst, dinest forskrifter, offentlege rettleiingar og annan litteratur. I utgangspunktet skulle KBT lage terminologi sjølv, men det viste seg snart at ein måtte fylle termhol og rydde opp i definisjonar. All terminologien er samla på [www.kbt.no](http://www.kbt.no).



## Kva er terminologi?

Terminologi kan tyde både termlære, termarbeid og sett av termar. Termar er eintydig definerte ord og uttrykk til bruk innanfor visse emne eller fagområde. Dei fleste termar har rot i allmennspråket, men presisjonsnivået er høgare. Ein god term er språkleg korrekt og godt tilpassa ordforrådet elles, men framfor alt godteken og brukt i fagmiljøet.

Døme:

term	definisjon
eld	forbrenningsprosess med varme- og flammedanning

## Brev som virker

Når det offentlige sender brev, er det som regel ikke for å ønske god jul eller gratulere med dagen. Brev fra det offentlige betyr alvor. De inneholder viktig informasjon om rettigheter og plikter. En undersøkelse fra januar i år viser at hver tredje nordmann ikke

forstår brevene fra det offentlige. Årsaken kan være at avsenderen tenker mer på sitt eget enn på mottakerens behov. Her får du noen råd om hvordan du kan skrive bedre brev.

### Hva har du på hjertet, og hvem skriver du for?

Før du skriver noe, må du vite hva du vil med det. Ha budskapet klart for deg, ellers blir det garantert uklart for mottakeren.

Dernest: Hvem er mottaker, og hva er stoda? Sett deg i den andres sted og skriv vennlig, tydelig og saklig nøytralt. Mottakeren skal ikke være i tvil om hva som ventes av ham eller henne.

### OPPSETT

Et godt oppsett gjør at mottakeren raskt kan orientere seg i brevet.

### Hovedoverskrift

Gi brevet en informativ og dekkende hovedoverskrift slik at mottakeren umiddelbart forstår formålet med brevet.

### Sammendrag

Lange brev kan innledes med et kort sammendrag der du forteller hvorfor brevet er sendt, hva som eventuelt er vedtatt, og hva mottakeren eventuelt skal eller kan gjøre. Siden kan du argumentere, begrunne og skrive mer utfyllende om saksforholdet.

### Avsnitt

Lag en tydelig struktur og del teksten inn i avsnitt. Sett avsnittene etter hverandre i en klar, saklig sammenheng. Bruk underoverskrifter i lengre brev. Ideelt sett vil underoverskriftene alene sammenfatte hovedtrekkene i brevet.

Skal du informere om rettigheter, kan det lønne seg å bruke spørsmål-og-svar-oppsett. Imperativformer og personlige pronomen er ikke farlige! De gjør det også lettere å få fram hvem som skal gjøre hva.

### Hvilke plikter har du som trygdemottaker?

Du har plikt til å ...

Det betyr at du ...

Hvis du (ikke) ... , så ...

### Formatering

Bruk helst bare én skrifttype og én størrelse, og vær konsekvent med uthevingsmåte og sitatform. Ikke bruk *kursiv* og *halvfet* skrift oppå hverandre. Overskrifter bør settes med

halvfet skrift uten punktum eller kolon til slutt. Korte sitater bør settes i anførselstegn, lange kan settes i kursiv.

### INNHOOLD

Kom raskt til saken. Skriv det viktigste først. Få med alt mottakeren trenger å vite og stryk resten. Ikke sett inn mindre relevante eksempler og vurderinger. Korte brev er bra, men knapphet er ikke noe mål i seg selv.

### Konklusjon

Skriv en klar konklusjon, for eksempel informasjon om vedtak eller innvilgning av / avslag på søknader. Konklusjonen kan gjerne stå først i brevet, enten i et sammendrag eller alene.

### Tilleggsinformasjon

Noen ganger må vi ha med opplysninger som ikke er like viktige for alle mottakere. Det kan være informasjon om klagemuligheter eller om aktuelle lovbestemmelser. Slikt bør stå helt til slutt. Det bør gå klart fram hvor mottakeren kan finne mer informasjon eller få hjelp.

### SPRÅK

Et brev må selvsagt også ha korrekt språk. Pass på tegnsettingen – et tegn fra eller til kan endre meningen i teksten. Ikke stol på stavekontrollen, men les korrektur selv eller be en kollega om å gjøre det. Fra Språkrådets nettsider kan du slå opp i Bokmålsordboka og Nynorskordboka. Gjør det til en vane!

Husk at korrekt språk er ikke nok. Språket må også være klart. Da hindrer du misforståelser, og det offentlige sparer tid og penger på lengre sikt.

### Setninger

Del opp lange setninger. Server informasjonen i passende posisjoner. Bindeord som *derfor*, *altså*, *dessuten*, *fordi*, *dermed* og *slik* hjelper leseren å følge logikken i teksten. Her er noen flere setningstips:

### Bytt ut substantivtunge setninger med verbfraser.

foreta en vurdering → vurdere  
innen tre uker fra mottakelsen av dette brev  
→ innen tre uker etter at du fikk dette brevet

### Bytt ut passive setninger med aktive.

Det vises til ... → Jeg/vi viser til ...  
Fra bestemmelsen gjengis følgende: ...  
→ Fra bestemmelsen gjengir vi følgende: ...

### Et konkret eksempel:

Nærværende tilfelle omfattes av omtalte unntak, slik at det heller ikke skal betales dokumentavgift i forbindelse med tinglysingen av omtalte skjøte.  
→ Dette unntaket gjelder for dette tilfellet. Derfor skal du ikke betale dokumentavgift for tinglysingen av det nevnte skjøtet.

### Ord

Forklar vanskelig innhold og viktige faguttrykk, begreper, prosesser og prosedyrer. Eventuelt kan du vise til en ordliste.

Unngå å bruke abstrakte ord og uttrykk som *vedrørende* og *nedestående*, for så vidt gjelder *beskaffenhet* og *beføyelse*. Unngå også vage uttrykk som *i forhold til* (med mindre du mener å sammenligne), *knyttet opp mot* og ikke minst moteord som *fokus* og sammensetninger med *-messig*.

### Et lite tips: Spar på ordene.

på det nåværende tidspunkt = nå  
i inneværende år = i år  
dette medfører ikke riktighet = dette er feil / dette stemmer ikke

Tenk gjerne klarspråk i interne dokumenter også. Tekster som skal ut til et større publikum, avspeiler gjerne skriftkulturen på en arbeidsplass, og det er tungvint å praktisere ulike skrivevaner alt etter hvem man skriver til.

Bruk tid på å lage gode brevmaler, det lønner seg i det lange løp.

Flere skriveråd finner du på [www.klarsprak.no](http://www.klarsprak.no).

# SPRÅKTIPS

## SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse. Dagens eksempel er hentet fra Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Ved søknadsfristens utløp var det mottatt 2 søknader, begge menn.

To tunge søknader, ventelig.

## Hugs gyldig ID!

Det heiter legitimasjon, ikkje «legimitasjon».

## Nitid flid

Mange adjektiv ender på -ig, knapt noen på -tid. Derfor skriver mange «nitidig». Men det er litt utidig. I hvert fall normstridig.

Skal man skrive med flid, må nøyaktigheten være nitid.

*Nitid* kommer av latinsk *nitidus* 'skinnende', men betyr nå 'sirlig'; 'omhyggelig'.

## Én s

*Avspasere* og *avspasering* skrives med én s, ikke to.

## Godt fordelt?

*Forfordede* betyr å gi for *lite*, ikke å gi for mye. *Brorparten* av noe er ganske enkelt «storparten», altså *mer* enn halvparten.

## DIKTET

### I larmens tid

Nå – i larmens tid –  
når bare de laveste ord  
fram til hørende ører.  
Ord så stormende stille  
at menneskene tror  
det er sitt eget hjerte de hører.

Hans Børli

## FOR MÅLTROSTAR

### A- og e-infinitiv

I nynorsk kan vi fritt velja mellom infinitiv på -a og -e. Det kan heita anten *å kasta* og *å vera* eller *å kaste* og *å vere*. Når vi skriv tekstar i staten, må vi velja anten a- eller e-infinitiv. Det er feil å kombinera *å kasta* med *å vere* og motssett.

I rettskrivinga finn vi såkalla kløyvd infinitiv som sideform. Skuleelevar og andre kan skriva t.d. [*å vera*] og [*å kaste*] (men ikkje motsett!) og likevel følgja rettskrivinga. Dette er eit system som finst i dialektane på Austlandet og i Trøndelag. Men i statleg teneste kan vi altså ikkje velja kløyvd infinitiv.

Hugs likevel at passive verb og andre verb som endar på -st, skal ha endinga -ast i infinitiv. Det heiter difor *å finnast* og *Boka skal lesast*, anten du brukar a- eller e-infinitiv.

## Nyklekte ord

Takk for dei gode forslaga til kva vi kan kalle personen som tek ordet rett før du får sleppe til, og som seier det du hadde tenkt.

Det er visst mange som har vore utsette for slike personar, og fleire av dykk oppfattar dei som *tjuvar*: *ord-*, *poeng-* eller *tanketjuvar*. Slike nemningar høver òg om dei som «stel» poenget ditt *etter* at du har tala. Dei som «stel» i forkant, snytt oss for noko (og er *ord-* eller *poengsnytar*). Ja, det kjennest som om slike folk snik i køen; dei er såleis *argumentsnikar(ar)*. Sidan dei så å seie snappar noko frå oss, er dei òg *argument-*, *ord-*, *poeng-*, *idé-* eller *tankesnapparar*!

Sjølve fenomenet kan då kallast *tankesnapping* eller *-sinking* (eventuelt *poeng-* eller noko anna som høver).

Det å bli *tankesnappa* kjennest alltid *snippe* eller *snippleg*, som det alt heiter på Vestlandet om noko som kjem brått og uventa slik at ein sit *snippen* att (narra og vonbroten).

Til neste gong vil vi gjerne vite kva vi kan kalle den overveldande kjensla vi får når vi ser all e-posten som har hopa seg opp i ferien. Og kva heiter den første arbeidsdagen, som går med til å lese og slette e-post? Skriv til [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no). Merk e-posten «nytt ord».

## FOR BOKFINKER

### Ikke å foretrekke

Folk som snakker eller skriver om å «foretrekke en mine», forveksler *foretrekke* og *fortrekke*.

*Foretrekke* betyr «like bedre»: Jeg foretrekker vafler framfor pannekaker.

*Fortrekke* betyr enten «forsvinne» eller «trekke sammen». I uttrykket med minen er det den siste betydningen som gjelder. «Hun fortrakk ikke en mine» betyr at hun ikke endret ansiktsuttrykk. Dermed kunne ingen se på henne hva hun tenkte eller følte.

Å «foretrekke en mine» er altså ikke å foretrekke! Miner kan bare fortrekkes.

## André hilser

André, som vi traff på kafé i Bygdøy allé sist, hilser og sier at du kan sette inn aksenten over e-en i navnet hans ved å trykke på Ctrl + Alt + \ eller Alt Gr + \ og deretter på e.

## STATSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:  
22 54 19 50

Redaktør:  
Torunn Reksten  
[torunn.reksten@sprakradet.no](mailto:torunn.reksten@sprakradet.no)

Abonnement og adresseendring:  
Lars Erik Klemsdal  
[lars.erik.klemsdal@sprakradet.no](mailto:lars.erik.klemsdal@sprakradet.no)

Utforming:  
Marit Heggenhougen | cmykdesign.no

Trykk: NR 1 Arktrykk

Opplag: 18 500  
Redaksjonen avsluttet 13.11.2009

ISSN 0805-164X